



Arenaområdet ser ut som etter haustpløyinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga for Festidalen 2007 har all grunn til å vera fornøgd med det meste dagen derpå. Oppslutnaden var betre enn det var grunn til å venta utifrå dei usikre vertilhøva og arrangementet gjekk på skinnar frå start til slutt. Det er all grunn til å ta av seg hatten for dei flinke arrangørane. Dei hadde tilsynelatande tenkt på alt.

Det var da også berre tilfredsheit å spora hos Morten Vevatne og Daidalos Dahle frå festival-leiinga da uskedalen.no møtte dei på "slagmarka" ved 12-tida søndag. Dei held førebels fast ved at det truleg var 1.700 betalande fordelt med 500 på fredag og 1.200 på laurdag, men dei endelege tala vil vera klare først om nokre dagar. Og rekneskapsresultatet ligg rimeligvis enda lenger framme. Dei kunne konstatere at dei tross alt hadde hatt maksimal flaks – med regn konsentrert til tida før og etter konserten laurdag. Samstundes var dei glad for at ikkje fleire lot seg skræme av veret..

Festivalleiinga kunne i det heile gle seg over at det ikkje har vore noko alvorlig problem undervegs. Politiet har til dømes berre hatt godord å koma med. Kontrollfunksjonen fungerte da også som den skulle, ned til minste detalj. Det var ikkje minst eit resultat at dei hadde vore rause med bemanninga og tydelegvis drilla mannskapa godt før og under arrangementet.

Skjenkjekontrollørane frå kommunen var naturleg nok også til stades, men heller ikkje dei hadde nokon merknad. Dei fann det ikkje eingong nødvendig å skriva rapport frå vitjinga si, fortel den skjenkjeansvarlege.

Nedrigginga av scena starta allereie tidleg søndag og ved 12-tida var berre skjellettet att. Men å fjerna resten vil naturleg nok ta nokre lengre tid. Jordet som Festidalen har vore arrangert på ser – ikkje overraskende – ut som eit jorde vanlegvis gjer etter haustpløyinga og her er det ein jobb å gjera. Det regna kraftig både før og etter laurdagens arrangement og trakkinga av 1.200 par føter set sine spor!

Det er også tydeleg av det meir profesjonelle festivalfolket har hatt eit triveleg opphald i Uskedalen. Det gjeld ikkje minst fanklubbane til Torbunegro, til dømes Haugesund-gjengen som har hatt basen sin ved brua. Dei starta retretten midt på dagen.

Av Ola Matti Mathisen



Berre skjelettet av scena sto att ved 12-tida sundag. (Foto: Ola Matti Mathisen)